

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat til soknerådsmøte nr 05/2025

Dato/tid: onsdag 25. juni 2025, kl. 18

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Desse møtte: Trygve B Myrlid, Ingebjørg P Grøtt, Sveinung Toreid, Ida S Holmen og
Eli G Torsnes

Frå staben : Arne Opsahl-Engen

Forfall: Maria E Sørheim

Vara: Ingen av varamedlemma hadde høve til å møta.

Saksliste

28/2025	Godkjenning av saksliste og innkalling Sakliste og innkallinga vart godkjent. Det kom ynske om å ha soknerådsmøta kl 19.30 i staden for kl 18. Møtetidspunkt vert endra frå hausten av.
29/2025	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 04/2025 Referatet frå soknerådsmøte nr.04/2025 vart godkjent.
30/2025	Offerliste for hausten 2025 Ingebjørg hadde laga framlegg til offerliste for hausten 2025. Med nokre endringar vart lista godkjent.
31/2025	Gjennomgang / oppfrisking i bruk av Hotmail-konto til soknerådet Trygve tok ein gjennomgang for bruken av Hotmail-kontoen til soknerådet. Nyttig orientering for medlemmane i soknerådet.
32/2025	Lydsystem i kyrkja - søknad om støtte til Sparebankstiftinga Arild B Nielsen har sendt brev til soknerådet med ei oversikt over kva som trengst i samband med nytt anlegg for lyd- og bilete i kyrkja. Det vart notert ned ein del punkt som vert grunnlaget for søknaden til Sparebankstiftinga. Søknadsfristen er 30.september. Søknaden vert sak på første soknerådsmøte etter ferien.
33/2025	Eventuelt Møteplanen for hausten vert : onsdag 03.sept.kl. 19.30, måndag 29.sept. Kl.19.30, onsdag 05.nov. Kl 18 og onsdag 10.des.kl 19.30.

	Verdensdagen for psykisk helse- Soknerådet ynskjer å få laga til eit arrangement i kyrkja i samband med denne dagen. "Vi trenger å høre til " er tema dette året. Arne og Ingebjørg arbeider vidare med å få til dette arrangementet. Det er aktuelt å samarbeida med m.a Frivilligsentralen og sjukehusprestane i Hardanger.
--	---

Møtet vart heva kl.19.30

Torsnes 26.juni 2025

Eli Galtung Torsnes

Referent